Melding

Du videresendte denne meldingen 11.02.2019 12:51.

Fra: Kristin Moe

Sendt: tor. 03.08.2017 1

Til: Aashild Halland; Anne Wergeland; Katrine Hopland; Leif Bjørnar Hopland; Nils Kvalvågnes; Terje Hugo Aarvik; Torill Persson Solli; Turid Grov; Turid Kirsten Sporsheim Tvedt; ⊞ **LI-Rektorar ungdomsskulane**; Cato Risøy; Lena Otterbu

Kopi: Ragna Midtbø; Anita Skjørestad Mæland; Dina Merete Kallestad Dyrhovden

Emne: Nytt skuleår - endringar i regelverket skulemiljø

Melding | Retningsliner Skulemiljø §9a LK frå 1.8.17.pdf | Mal skriftleg plan for å betre ein elev sitt skulemiljø.docx | Endra regelverk 9a til heimesida (2).docx

Hei alle saman!

Så er vi i august allereie! ☺

Vonar de har hatt gode sommardagar i ferien! Og velkomen som rektor ved Myking skule til deg, Turid!

Eg starta opp igjen på måndag, og har hatt nokre rolege dagar så langt. Godt med ein mjuk start.

Sender dykk justerte retningsliner for arbeidet med skulemiljøet, som vi jobba med i juni, samt mal skriftleg plan for å betre ein elev sitt skulemiljøet. Den kjem også i websak.

Silje legg i dag ut informasjon om endringane i lovverket på heimesida til kommunen, skulane sine heimesider og på facebook. Artiklane om skulemilljø og mobbing, som ligg på heimesida, er også oppdaterte etter gjeldande regelverk. Slik trur eg både elevar, føresette og tilsette har lest litt om endringane før skulestart. Så får de informere om den nye aktivitetsplikta og Fylkesmannen si rolle på ein av dei første arbeidsdagane i august, slik at også nye tilsette får den same informasjonen som dei som var på skulen i juni. Vi må sikre at kvar einskild tilsett forstår si aktivitetsplikt, kjenner godt til innhaldet i retningslina og arbeider i samsvar med intensjonen i lovverket. Det blir spanande å høyre korleis de arbeider med temaet i skulen, i klassane, i rådsorgana og med dei tilsette. Det er korte fristar for skulen før Fylkesmannen går inn i saka, så det blir utruleg viktig at alle tar innspel og oppmodingar frå elevar og føresette på alvor frå første stund. Rask og god innsats frå skulen bør føre til auka tryggleik og trivsel for elevane. ☺

Ønskjer dykk lukke til med skulestarten, alltid kjekt å helse velkomen nye og gamle elevar, føresette og tilsette!

Vi snakkast etter kvart!

Med helsing

**Kristin Moe** | Kommunalsjef oppvekst

**E-post:** Kristin.Moe@lindas.kommune.no
**Telefon:** +47 988 57 205 / +47 56 37 52 97
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

LINDÅS KOMMUNE